



**MX  
SPORT**

**Osterøytrearen mandag 27.sept.  
Test deg sjølv på 3 km!**

**Osterøy Stadion - landets garantert flataste 3 km-løype!**

**Meld deg på med den tida du har som mål på 3000m.  
Arrangøren stiller med harar til alle nivå.**

**MX  
SPORT**  
- litt mer personlig

### [PÅMELDINGSLINK](#)

Årets andre MX-SPORT OSTERØYTREAREN er mandag 27. september 2021 på Osterøy Stadion klokka 18 - 20.

Osterøy IL inviterer gladtrimmarar, mosjonistar, supermosjonistar, løparar, fotballspelarar, handballspelarar, skiløparar, turnarar, skuleelevar, bedriftstrimmarar – kort sagt ALLE til å testa seg på den klassiske 3000 meteren. Bli med og test det raske dekket på Hatland. Me følgjer opp suksessen frå tidlegare års folkefest med fartshaldarar, mykje heing og meistringskjensle. Dette er eit LÅGTERSKEILTILBOD.

Arrangementet vil følgja dei gjeldande smittevernreglane. Det blir delt inn i heat med rundt 15 deltakarar. Det er difor viktig å oppgje tida du ønskjer å springa på. Då får du springa med dei som er omlag jamgode. Uansett er det 2-3 fartshaldarar i dei fleste heata som kan hjelpa deg med å halda jamn fart.

Startkontingenten er 50 kroner. Påmeldingsfristen er søndag 26. september klokka 23.59. Ein må også oppgje telefonnummer i påmeldinga - dette for å letta smittesporing i tilfelle det blir naudsynt. Også publikum må registrera seg når dei kjem på stadion. Nøyaktig tidsskjema og heatfordeling blir offentleggjort løpsdagen, men det beste heatet kjem til slutt. For påmelding til barneløpet: Skriv "Barneløpet" under "Di måltid på 3000m" i påmeldingsskjemaet. Ungane kan også melda seg på ved start.

Spørsmål om løpet kan du senda til bjartevik30@hotmail.com eller telefon 45602908. Det er ikkje berre «proffane» som kan springa på kunstdekket. Bli med og skap liv på Osterøy Stadion!